



MØTEPROTOKOLL

Utval: Ungdomsrådet
Møtestad: Møterom A, Volda rådhus
Dato: 12.06.2013
Tid: 16:30 til 18:45

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Sunde Stokke	MEDL	VUS
Mathilde Sjøhelle Eiksund	NESTL	VUS
Sigrid Marie Mørch	MEDL	TELEBYGGET UNGDOMSHUS
Peter Bjørneset	MEDL	VUS
Signe S. Berg	MEDL	DALSFJORD UNGD.
Anika Karen Sandholt Aarflot	LEDER	LAG OG ORG.
Helga Hagen	MEDL	AUSTEFJORD UNGD.
Åshild Vik	MEDL	POLITISK FADDER

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tor Stian Bjørneset	MEDL	FOLKESTAD UNGD
Sjur Alfson Vågen	MEDL	LAG OG ORG
Anne Margrete Egset	MEDL	VGS

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Jan Sindre Helte	Felles vara	
Jonas Otheim Myklebust	Felles vara	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Gunnar Andenes	Leiar kulturavdelinga
May-Lisbet Lande	koordinator

Gjestar frå Volda Rullarlag:

Åsmund Teigen Våge
Ivar Otto Kristiansen

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 14/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 15/13	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte
PS 16/13	Prøverøysting for 16åringar. Kommunevalet i 2015

SAKLISTE:

- Orientering om skateparken i Volda. Ved representant frå arbeidsgruppa.
Åsmund Teigen Våge og Ivar Otto Kristiansen frå Volda rullarlag orienterte.
Ungdomsrådet stiller seg positive til planane som er lagde for skatepark i Volda. Og gler seg til å hjelpe til med å engasjere ungdom i Volda for saka og arbeidet vidare.
- Orientering om ungdomsklubben, kva skjer når leigeavtalen på TeleBygget går ut i juni 2014?
Kultursjef Gunnar Andenes orienterte.
Ungdområdet vedtok å lage ein uttale i saka. Koordinator May-Lisbet Lande forlot møteromet under behandlinga då ho også er dagleg leiar for ungdomsklubben.
jf. fl. §6.2l.
Vedtaket frå ungdomsrådet vart gjennom Politisk fadder Åshild Vik levert til leiar for servicekontoret for å bli lagt på bordet for kommunestyret 20. juni 2013.
Vedtaket har fyljande ordlyd:
"Krav til ungdomsklubb!
Volda ungdomsråd krev at tilbodet av ungdomsklubb enda er mulit etter at leigeavtalen på TeleBygget går ut i juni 2014.
Vi meiner at lokalet på VVS, der klubben holdt til før, er eit godt alternativ å flytte ungdomsklubben til.
Mvh. Volda ungdomsråd. v. Anika Karen S. Aarflot, Mathilde Sjøhelle Eiksund, Helga Hagen, Sindre Heltne, Sigrid Mørch, Ragnhild Sunde Stokke, Signe Sætreås Berg, Peter Hasfjord Bjørneset, Jonas Otheim Myklebust.
Då ungdomsrådet hadde komt med si uttale deltok koordinator i resten av møtet.
- 16. års stemmerett i Volda. Mathilde og Peter orienterer om møtet dei har hatt med Ordføraren.
Sjå eiga sak som vart oppretta i etterkant av møtet
- Planlegging av val av nye representantar i Volda ungdomsråd til hausten.
Leiar tek ansvaret i lag med representantane for skulane i starten av september.
- Oppsummering av arbeidet i ungdomsrådet i skuleåret 2012-2013.
Ungdomsrådet har hatt eit aktivt halvår og planane som vart lagde er gjennomførte.

- Stands for ungdomsrådet under fadderveka/Volda dagane laurdag 24. august.
Ungdomsrådet vil ha stands i gata med info om ungdomsrådet og planane for skatepark. Vil gjerne prøve seg med pengeinnsamling for skateparken. Leiar Aarflot sjekkar med Høgskulen kven som er kontaktperson for arrangementet.
- Saker som ein vil jobbe meir med til hausten:
- elevråda ved skulane
- oppsetting av forslagskasser for ungdomsrådet på skulane

SAKER TIL HANDSAMING

PS 14/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

Røysting:

Samrøystes godkjend

Vedtak i Ungdomsrådet - 12.06.2013

Samrøystes godkjend

PS 15/13 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

Røysting:

Samrøystes godkjend

Vedtak i Ungdomsrådet - 12.06.2013

Samrøystes godkjend

PS 16/13 Prøverøysting for 16åringar. Kommunevalet i 2015

Handsaming:

Ungdomsrådet har ved fleire høve diskutert om 16. år gamle ungdomar i Volda ville nytta stemmeretten om dei fekk høve til det ved val. Det er delte meiningar om saka i ungdomsrådet.

På møtet 8. mai 2013 vart det bestemt at ungdomsrådet ynskjer å vite meir om saka. Mathilde Sjøhelle Eiksund og Peter Hasfjord Bjørneset fekk i oppdrag å ta opp emnet med ordføraren.

6. juni hadde dei møte med ordførar Arild Iversen og dei vart samde om at ungdomsrådet ber ordføraren undersøke om det er mogleg for Volda å verte forsøkskommune for 16. års stemmerett ved kommunevalet i 2015.

Røysting:

Ved røysting i ungdomsrådet om ein ynskjer prøverøysting for 16. åringar ved kommunevalet i 2015. Vart det røysta 7 for og 2 i mot.

Vedtak i Ungdomsrådet - 12.06.2013

Ungdomsrådet ber ordfører Arild Iversen undersøke om det er mogleg for Volda å verte forsøkskommune for 16. års stemmerett ved kommunevalet i 2015.

Møte slutt 18:45

Rett utskrift:

Volda kommune, Servicekontoret

13. juni 2013

May-Lisbet Lande

Koordinator